



KVA NASHORNET SÅG

STUDIEMATERIELL



KAN DYRA LÆRE OSS NOKO OM OSS SJØLVE?

Framsyninga *Kva nashornet såg* skjer i ein zoologisk hage i ein konsentrasjonsleir. Ja, du las rett: Ein zoologisk hage i konsentrasjonsleiren Buchenwald. Og denne zoologiske hagen eksisterte faktisk. Dyrehagen var ikkje der for å glede dei 250 000 fangane, men for å underhalde vaktarane og familiane deira.

Leirar som Buchenwald er vanskeleg for alle å forstå anten vi er barn eller vaksne. Det kan vere utfordrande å forklare barn denne delen av historia vår. Ein må gjere det i eit tydeleg språk og på eit alderstilpassa detaljnivå.

Dramatikar Jens Rasche har valt å fortelje historia som ein fabel fortalt gjennom blikka til dyra i denne dyrehagen. *Kva nashornet såg* viser korleis dyra reagerer på det dei ser på andre sida av gjerdet. Sjølv om framsyninga opnar døra inn til eit av dei mørkaste kapittel i historia vår, blir dette gjort med stor innsikt, omsorg og varme. Og kanskje kan denne fabelen seie noko sant om kva det vil seie å vere menneske og korleis vi møter det vonde og umenneskelege. Kanskje kan *Kva nashornet såg* vere eit utgangspunkt for å snakke med barn om vanskelege historiske fakta og om utfordringar i samtida.

I dette studiemateriellet får du ein inngang til framsyninga, tematiske artiklar og utdrag frå manus. I tillegg er det tema de kan snakke om i klassen før eller etter de ser framsyninga.

Vi håper studiemateriellet kan inspirere undervisninga og gjere teaterbesøket meir givande. Velkommen til Det Norske Teatret.

Beste helsing

Erlend Tårnesvik Dreiås

formidling- og pedagogisk ansvarleg
- Det Norske Teatret

MEDVERKANDE
I FRAMSYNINGATIRIL
HEIDE-STEENELLEN BIRGITTE
WINTHERPAUL-OTTAR
HAGAJONAS F.
URSTAD

Dramatikar: Jens Raschke
Omsetjing: Carl Morten Amundsen
Regissør: Ivar Tindberg
Visuell designar: Stian Hole
Dramaturg: Carl Morten Amundsen

FOTO/ILLUSTRASJON

Foto frå framsyninga: Dag Jenssen
Illustrasjonar: Stian Hole

TA KONTAKT

Vi ønskjer heile tida å bli betre. Derfor tek vi gjerne imot tilbakemeldingar, kommentarar og spørsmål. Dette kan både gjelde framsyninga du har sett, dette studiemateriellet, eller generelle kommentarar.

Skriv til: skole@detnorsketeatret.no
eller ring 22473872.



TEATER FOR BARN OM VANSKELEG TEMA

Dette er ei annleis og viktig framsyning om å bry seg om andre.

Kva nashornet såg utspelar seg i dyrehagen som låg rett inntil ein av dei aller verste utryddingsleirane under andre verdskrigen. Raschke nyttar dyras synsvinkel for å seie noko om uforståeleg valdsbruk og om korleis menneska utanfor gjerdet kollektivt snur seg vekk frå ubehaget.

Det var kommandant Karl Otto Koch som bygde dyrehagen i 1938. Den fungerte som hyggeleg avkopling for SS-vaktene og familiane deira. Høgdepunktet var ei innhegning med fire bjørnar. I tillegg var det apar og eit nashorn i parken. Dyra blei mata av fangar og fekk betre stell og næring enn dei titusenvis som levde under umenneskelege forhold rett på andre sida av gjerdet.

PÅTRENGJANDE SPØRSMÅL

I *Kva nashornet såg* blir vi tatt med til dyrehagen. Her bur det mange eksotiske dyr som har eit bedageleg liv bak gjerdet. Men så døyr nashornet på mystisk vis. Ein bjørn flyttar inn og byrjar å stille vanskelege spørsmål. Kven er desse merkelege skapningane på andre sida av gjerdet? Dei kjem med tog, er tynne som pinnar, stripe som sebraer, men dei går på to bein og dei luktar ikkje godt. Dei er meir døde enn levande og liknar ikkje noko bjørnen har sett før. Det gode livet til murmeldyret, pappa Bavian og dei andre dyra blir forstyrra av desse påtrengjande spørsmåla, for saka er vel at dei gradvis har vent seg til jamvel dei mest forferdelege inntrykk.

SKRUPELLAUS ÅTFERD

I verkelegheita var kommandantparet Karl og Ilse Koch blant dei mest omsynslause forbrytarane under naziregimet. Medan han var kjend for sin grådige og skrappellause karakter, blir Ilse hugsa som den mest bestialske og sadistiske av dei. Ho var ei vanleg jente som tidleg blei med i NSDAP og som gifta seg med Koch som alt hadde gjort karriere i partiet.

I Buchenwald bygde dei seg eit herskapshus rett utanfor leiren, der dei levde eit privilegert liv saman med dei to barna sine. Ilse var interessert i hesteriding, og for pengar som dei stal frå fangane, bygde ho ein stor ridehall for eigen personleg bruk. Ho hyra inn musikarar og let dei spele til treninga. Det heile hadde preg av sirkus. Ilse kunne ri rundt i fangeleiren og tolte dårleg at fangar kom i vegen. Det blir også sagt at ho hadde ei spesiell interesse for tatoveringar. På si ferd kunne ho plukke ut fangar med særskilte mønster. Desse personane forsvann, og mønstra dukka opp på prydgjenstandar som ho dekorerte heimen med.

Ekteparet førte ein overdådig livsstil og såg på leirområdet som si eiga leikegrind. Men leiken var både inhuman, brutal og dødeleg.

SKAL BARN VITE OM MENNESKELEG VONDSKAP?

Det er heldigvis dei færreste barn som har vore utsett for så forferdelege hendingar som dei som blir fortalt frå andre verdskrigen. Mange som veks opp i Noreg i dag, har eit bilde av andre verdskrigen som ei hending i svart/kvitt som ikkje vil ramme oss igjen. Men ikkje alle kjenner det store bildet. Å vite når ein skal fortelje barn om denne brutale perioden i europeisk historie, er ikkje alltid enkelt. Toler barn å bli eksponert for sanningar om det verste i menneske?

For å førebu eit yngre publikum på det dei skal oppleve, arbeider Raschke med humor og eit lett og tilgjengeleg språk.

HUMANISME OG KRITISKE SPØRSMÅL

Å skrive eit stykke bygd på menneskeleg kynisme krev mot. Forma gjer stykket både underhaldande, lærerikt og ålment. Og er ikkje minst eit viktig bidrag til det vanskelege spørsmålet om kva vi tør å utsetje barna våre for: Å teie om den fæle sanninga eller å opplyse dei. Ikkje berre dykkar Raschke ned i eit av dei mørkaste kapitla i vår nære historie, han evnar òg å skape band til notida og til korleis vi i dag utviklar liknande strategiar som dyra i dyrehagen når vi kikkar over det europeiske gjerdet og får innblikk i dei fælaste lagnader verda over.

Kanskje kan *Kva nashornet såg* vere eit utgangspunkt for å snakke med barn om vanskelege historiske fakta og om utfordringar i samtida.

Gjennom parabelen til vår kvardag vil barn på lettfatteleg vis få innblikk i kor viktig det er å forstå omverda, å stå opp mot urett og å stille dei kritiske spørsmåla. For den poetiske, men likefullt skakande appellen om mot og eigenansvar fekk Jens Raschke den tyske barneteaterprisen i 2014 for *Kva nashornet såg*. Stykket blir sett opp på teater over heile Tyskland, der mottakinga både blant vaksne og barn har vore formidabel.



Å SNAKKE MED BARN OM VANSKELEGE TEMA

Kva nashornet såg tek opp eit mørkt kapittel i menneskehistoria og sider ved mennesket det kan vere vanskeleg å forklare. Likevel er det viktig! Korleis snakke med barn om dette?

Det er viktig å førebu barna før ein går i teateret. Dei forstår som regel langt meir enn du trur.

- Forklar fakta i eit tydeleg språk og eit alderstilpassa detaljnivå.
- Prøv å la barna styre samtalen og stille spørsmål. Svar så ærleg du kan
- Slå deg til ro med at du ikkje nødvendigvis kan forklare alt. Barn forstår at vaksne ikkje kan svare på alt.
- Understrek at dette ikkje hender her, det er ikkje farleg for oss her i dag.
- Ver merksam på korleis barna reagerer kjenslemessig. Unngå å spørje barn om kva dei føler. Sei heller noko om at du synest barnet verkar trist eller engsteleg viss du faktisk synest det, eller snakk litt generelt om korleis det er naturleg å reagere når ein får vite om vondskap som finst i verda. La dei få høve til å fortelje om følelsane viss dei vil, men prøv å unngå å gi dei inntrykk av at dei skulle følt meir enn dei gjer.

Barn snakkar gjerne om slikt i små porsjonar av gangen. Så tar dei kanskje det dei har fått vite med seg i leiken sin og arbeider vidare med det gjennom den. Leik fungerer for barn som språk gjer for vaksne. Det er ein reiskap for å arbeide seg gjennom og mestre erfaringar og informasjon. Det er altså ikkje noko å uroe seg over i utgangspunktet at den dramatiske hendinga dukkar opp i leiken til barn. Tvert imot, dette er sunt og naturleg.

Kjelder:

Barneombudet og Redd barna.



BARNEOMBUDET



Redd Barna

SPØRSMÅL OG OPPGÅVER TIL ETTERTANKE OG SAMTALE

Her er nokre spørsmål og tema de gjerne kan snakke om før og etter de ser framsyninga. Tilpass detaljnivået i samtalen til elevgruppa. Hent gjerne ut tema som mot, rettferd, handlekraft, som elevane vil ha mange meiningar om, og bruk det som utgangspunkt for ein samtale.

NORSK

Kva nashornet såg er ein fabel, og ein fabel er ei historie som fortel om dyr og korleis dyra oppfører seg i ulike situasjonar. Dei mest kjente fablane kjenner vi frå Æsops fablar frå den greske antikken. I følgje folketradisjonen skal dei opphaveleg blitt fortalt av Æsop, ein slave som levde på øya Samos frå 620 til 560 f.Kr. Desse korte, poengterte fablane handlar gjerne om dyr med menneskelege eigenskapar. Eit viktig sjangertrekk er at fabelen har eit moralsk poeng.

- Les gjerne ein av Æsops kjente fablar (t.d. Haren og skjelpadda), og snakk saman i klassen om sjangertrekk for fabel. Kva er moralen i denne historia?

SAMFUNNSFAG

Buchenwald er namnet på fangeleiren i Kva nashornet såg. Både fangeleiren og dyrehagen fanst verkeleg under andre verdskrigen for over 70 år sidan. Ein fangeleir kan også kallast ein arbeidsleir eller ein konsentrasjonsleir. Fangane i konsentrasjonsleiren var både barn og vaksne. Dei var fanga fordi dei som hadde makta, ikkje likte korleis dei såg ut, kva dei meinte eller den religionen dei trudde på.

Barna som skal sjå framsyninga treng ikkje å vite detaljar om konsentrasjonsleirar før dei ser framsyninga. Men det kan vere fint å, på eit tilpassa detaljnivå, snakke om at under krigen var det folk som blei satt i fengsel utan at dei hadde gjort noko gale. Vi har fengsel i dag også, men dei fungerer på ein heilt annan måte.

Det viktigaste poenget er at den modige bjørnen i framsyninga ser noko som er urettferdig, og så gjer han noko med det. Det er alltid viktig å stå opp for det som er rett, og hjelpe andre når ein kan.

SPØRSMÅL TIL SAMTALE

- Kva betyr det å ikkje passe inn?
- Kven bestemmer kven som ikkje passar inn?
- Kven skal bestemme kva som er rett og gale?
- Kva kan ein gjere om ein ser nokon som ikkje har det bra?
- Kvifor er det viktig å seie frå når ein ser at noko ikkje er rettvist?

SPØRSMÅL TIL SAMTALE

NORSK

Kva nashornet såg fortel historia om korleis dyra i dyrehagen reagerer på det dei ser på andre sida av gjerdet. Nokre blir redde, andre blir sinte og nokre blir sløve eller drar seg unna og let som om dei ikkje veit kva som skjer. Men nokon gjer også opprør eller prøver å rømme sjølv om det verkar umogeleg. Alle folk er forskjellige, og reagerer ulikt på ting som skjer. Brukt dette som utgangspunkt for å snakke om korleis elevane reagerer forskjellig på ulike situasjoner.

- Når blir du: sint – glad – lei deg – redd?
- Kva gjer du når du ser at andre er: sint – glad – lei seg – redd?

FUGLANE TEIER I SKOGEN

Den tyske diktaren Johann Wolfgang von Goethe har skrive eit kort lite dikt, som eigenleg ikkje har eit namn, men som ofte blir kalla *Fuglane teier i skogen*. Goethe skreiv det med blyant på veggen i ei jakthytte i 1780 og inkluderte i ei diktsamling i 1815. Dette er kanskje det mest berømte diktet han skreiv, og alle tyske skolebarn lærer det på skolen. Det er også ein inspirasjon for dramatikaren Jens Rasche, og fleire av scenene i stykket.



Johann Wolfgang von
Goethe (1749-1832)

**Über allen Gipfeln
ist Ruh,
in allen Wipfeln
spürest du
kaum einen Hauch.**

**Die Vögelein schweigen im Walde.
Warte nur, balde
ruhest du auch.**

**Over tinder toner
en fred.**

**I skogens kroner
dempes ned
hvert vindpust nu,
og fuglene tier der inne.
Snart vil du finne
fred, også du.**

(Omsett av Andre Bjerke)

- Les diktet høgt i klassen. Snakk om rytme, tempo, rimord.
- Prøv å les på ulik måte, sjå om det endrar korleis de opplever diktet.

Som ofte i dikt er rytme og tempo viktig. I dette diktet kan ein fornemme korleis røyrsla mot søvnens fred er skrive inn i rytmen som i et stadig rolegare andedrett, sånn at ein nesten uvilkårleg les langsommere og langsommere. På grunn av rytmen, merker du neste ikkje rimorda i diktet. Rimrytmen er A-B-A-B-C-D-D-C. Heile diktet er som et rolig andedrag, og vokalane mørknar meir og meir i verset som vi merker kvelden kjem.

NORSK

LES UTDRAG FRÅ MANUS

På neste side finn de eit utdrag frå stykket. Dette er starten på framsyninga.

- Les utdraget frå manus høgt i klassen. De kan også fordele roller.
- Snakk saman om det er vanskelege ord de ikkje forstår.
- I utdraget beskriv dei korleis denne dyrehagen er, og kven som bor der. Korleis ser de for dykk at dyrehagen ser ut?



UTDRAG FRÅ MANUS

ROLLER: Første, andre, tredje, fjerde.
SCENE 1: Zoo med utsikt.

FØRSTE

Sjå for dykk ein dyrehage.

ANDRE

Ein zoo for lenge sidan.

TREDJE

Ein svart-kvitt-foto-zoo.

Sjå for dykk ein svart-kvitt-foto-zoo.

FJERDE

Ikkje ein særleg stor svart-kvitt-foto-zoo

ANDRE

Heller ein ganske liten svart-kvitt-foto-zoo.

FØRSTE

Heller ein ikkje-noko-å-snakke-om-svart-kvitt-foto-zoo.

TREDJE

Heller ein var-det-ikkje-eit-gjerde-rundt-ville-det-vore-ein-skog-og-ikkje-ein-zoo-svart-kvitt-foto-zoo.

ANDRE

Eit par rådyr, ein hjort

FJERDE

To muffonar, nokre villsvin, ekorn

FØRSTE

Ein andefamilie som ligg og duppar i ein liten søledam og duppar søledamdør ved søledamdør med ekteparet Svane, stolte australske importfuglar som er litt store på det og aller helst ville vore franske og derfor lar seg tiltale som

FJERDE

Madam

FØRSTE

og

TREDJE

Møssjø.

ANDRE

Kolsvarte fjør, men med nyperaude nebb.

TREDJE

Cygni atrati.

TREDJE/ANDRE/FJERDE

Svartsvaner.

FJERDE

Der bak i bøketreet sit det ein sørafrikansk bavianfamilie og koseplukkar lus av kvarandre, dei gjespar om kapp og ser døsig framfor seg og ut i det fjerne.

ANDRE

Dyrehagen ligg på ein haug.

FØRSTE

Bombastisk utsikt - sjølv i svart-kvitt-foto-svart-kvitt.

FJERDE

Rundt dyrehagen lever det menneske, fleire tusen, av og til litt fleire, av og til litt færre.

TREDJE

Nett no litt fleire enn litt færre

ANDRE

I ein by, som elles berre ser ut som ein by.

FØRSTE

Det er pene hus der, og stygge, nett som i alle andre byar.

FJERDE

I dei pene husa bur dei påstøvla, og i dei stygge husa bur dei påstripete.

ANDRE

Men ulikt byar flest går det her eit gjerde mellom dei pene husa og dei stygge.

TREDJE

Eit summande, brummande gjerde med piggtråd på toppen og vaktårn med nokre meters mellomrom, med vaktmenn inni, slike som ser ut som dei nettopp har bite i det sure eplet.

FØRSTE

Gjerdet står ikkje der på grunn av dyra.

FJERDE

Dyra har sine egne gjerde.

FØRSTE

Nei, gjerdet står der fordi menneska i dei pene husa ikkje vil at menneska i dei stygge husa skal komme bort til dei og...

FJERDE

...bade vekk badekara deira, eller..

ANDRE

...kjøle bort kjøleskapa deira, eller...

TREDJE

...lene vekk lenestolane deira.

ANDRE

Eller berre rett og slett ta dei i handa og med sol-skin i andleta og på femti ulike språk seie:

ALLE

"God dag kjære nabo.. ..fint vêr i dag?"

FØRSTE

Dyrehagen får menneska i dei stygge husa berre lov til å sjå på avstand -

FJERDE

- gjennom det summande, brummande gjerdet.

TREDJE

Strengt tatt får dei ikkje lov til det ein gong.

ANDRE

Dei får eigentleg ikkje lov til nokon ting.

FØRSTE

For denne byen som berre ser ut som ein by, er eigentleg...

ALLE

... eit fengsel.

ANDRE

Eit fengsel?

FJERDE

Spør de sjølvsagt,

ANDRE

... eit skikkeleg fengselsfengsel?

TREDJE

... for kven har vel høyrte om ein dyrehage inne i eit fengsel før? Ikkje eg iallfall.

FØRSTE

Ikkje eg heller.

ANDRE

Ikkje eg heller.

FJERDE

Og ikkje eg.

TREDJE

Og ikkje nashornet heller, i førstninga.

(...)

